



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

19 72

Namnet på vatnet Riskedalsvatnet
Kommune Hjelmeland

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meddinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

R I S K E D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. september 1972.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærmere stadfest i Årdal, og grensar i vest mot riksveg 490.

Arealet er omlag 100 ha, og h.o.h. 4 m.

Då vatnet er såpass stort, vil djupnetilhøva vera vekslande, men stort sett må vatnet karakteriserast som grunt, og der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for det meste av stein, men og ein del dyrka mark og noko sandstrand på sine stader.

Gjørmebotn dominerer.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, tjønnaks, siv og algevokster er vegetasjonen ein vil finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark, myr og snaufjell.

Hovudtilsiget fell inn i aust og kjem frå Bønardalen der Vasstelvatnet, Kaldavatnet m.fl. inngår. Vidare har vi Riskedalselva som fell inn i nord og kjem frå Valavatnet.

Avlaupet renn ut i sør-vest og ut i Årdalsfjorden.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6,0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6,4 ute på vatnet og 5,7 eit stykke oppe i Bønaråna.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1,8 mg/l og den totale hardheita 5,8 mg/l. Dette er relativt bra om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 28,4 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga kan vera ganske stor i dette vatnet.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2,0, 5,0 og 10,0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2,0 m vart det funne 13 muslingar, 1 fåberstemark, 1 vårflugelarve, 6 fjærmygglarver, 2 stankelbeinlarver, 2 dafnier og 1 stikkmygglarve - til saman 260 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 2 vannmidd, 1 stankelbeinlarve

og 1 fjærmygglarve - i alt 40 individ pr. m^2 .

På 10,0 m vart det funne 3 muslingar og 1 fjærmygglarve eller samla 40 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner etter dette at der er heller lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprover av 4 fiskar og her vart det funne fjærmygglarver, halekreps, daphnier, mygg, maur og vårflugelarver.

Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale plankontrekk, med planktonhov, og vertikalprøven var her fattig medan horisontalprøven må karakteriserast som relativt rik.


Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet:


Laks, sjøaure, ferskvassaure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 19 ferskvassaurar og 16 sjøaurar.

Fordeler vi heile fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av ferskvassauren var der 13 hofiskar og 6 hanfiskar.

7 av fiskane var røde, 6 lys-røde og 6 kvite i fiskekjøttet.

4 av prøvefiskane var angripne av parasittar (måkemark).

Alle sjøaurane var røde i kjøtfargen. Her var 8 hofiskar og 8 hanfiskar. Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda øg den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor. Ferskvassauren er her for seg og sjøauren for seg.

Ferskvassaure,

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,8	10,2	16,2	21,3	25,1	30,1	30,4
Lengdetilv. i cm	4,8	5,4	6,0	5,1	3,8	5,0	0,3
Antall fiskar	19	19	19	18	12	2	1

Medel kondisjonsfaktor 1,05 tilseier fisk av mykje god kvalitet.


Sjøaure.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5,1	10,9	18,6	26,1	33,0	40,2
Årlig lengdetilvekst i cm	5,1	5,8	7,7	7,5	6,9	7,2
Antall fiskar	16	16	16	13	6	2

Medel kondisjonsfaktor 1,0 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for fisken i Riskedalsvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner ferskvassauren i Riskedalsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 5 års alder. Det oppsvinget som kurven gjer skuldast berre 2 fiskar, og er neppe representativt for ferskvassauren i vatnet. Det er meir truleg at den forlenga lina på kurven er meir rett og etter dette går fisken mot ei maksimallengd på ca. 31-32 cm. Det vil sjølv sagt finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar". Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg med yngel og små-fisk.

Nærast for moro skuld, har vi sett opp ein vekstkurve for sjøauren vi fanga og som vi ser syner denne ein mykje god vekst etter at den har forlete vatnet og gått ut i sjøen der næringsforrådet er rikt.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvane kan vi slå fast, at tilhøva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Riskedalsvatnet. Det fiskebestandet som vatnet i dag inneholder ser ut til å vera i samsvar med det næringsforrådet som vatnet byd på.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse relativt gode. Ein del av tilsigsbekkene fører nok noko surt vatn, men dette blir for ein stor del nøytralisiert på vegen nedover og i Riskedalsvatnet.

Botnprøvane våre gav eit heller magert resultat men fleire arter av næringsdyra er likevel representerert.

Omfarfordelinga syner at der er fisk av ymse årgangar og storleikar og vidare ser det ut til å vera fisk i ca. 27 cm-klassen som dominerer.

Vekstkurven må karakteriserast som god.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn er nedslagsfeltet, då det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Består nedslagsfeltet av kultivert mark m.v. vil alltid til-siga føre verfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølige næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Riskedalsvatnet femner over store arealer, og sjølv om det her vil vera ein god del skrinn mark og snaufjell,

så er her og mykje dyrka mark, kulturbetter m.v., som dreg i positiv lei. Sumen av dette gir då gode vilkår for fisken i Riskedalsvatnet.

Ser vi på fisken vi fekk var denne av god kvalitet. Nokre av prøvefiskane av ferskvassaure var angripne av måkemark.

Det som gjer Riskedalsvatnet til eit mykje verdfullt vatn er at sjøauren og laksen kan gå opp her. Dette er verdfulle og ettertrakta fiskeslag, såvel av sportsfiskarar som andre, så alt må gjerast for å auke bestandet av desse fiskeslaga. Vi skal og hugse på at sjøauren og laksen skatter næringsforrådet i vatnet lite då dei storparten av sitt liv ernærer seg ute i sjøen og kjem som regel tilbake til si barndomselv for å gyte.

Gytetilhøva er særskilt gode i fleire av tilsigsbekkene så rekrutteringa vil vera sikra.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg særskilt lagelig til, og då der frå før av er Campingplass i nærleiken, skulle utsiktene til å få selja kort vera gode. Vatnet skulle såleis ha alle forutsetninga for å kunne gi grunneigarane økonomisk utbytte med det same.

For å auke bestandet av sjøaure og laks vil vi tilrå at det blir fiska noko hardare enn før etter innlandsauren. Dette kan gjerast på den årstid då laksen og sjøauren, bortsett frå yngel og småfisk forlet vatnet.

Vidare vil vi tilrå at der blir sett ut lakseyngel og at grunneigarlaget tek kontakt med Konsulenten for ferskvannsfiske i Bergen for å få klårlagt eit høvande utsetjingstal.

Vi vonar at grunneigarane og fiskeretteeigarane til Riskedalsvatnet vil gå inn for dei tiltaka som her er peika på og som skulle kunne gi økonomisk utbytte.

Riskedalsvatnet er litt av ei perle så der er sikkert ikkje få som nettop vil prøve fiskelukka i dette vatnet.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Stavanger 9. april 1973

Einar Berg